

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.03.2021 |

Tildeling av tilskot frå statsbudsjettet post 73 til brannsikring av verneverdige tette trehusmiljø i Vestland 2021

Forslag til vedtak :

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kr. 600.000 frå post 73 til brannsikring av verneverdige tette trehusmiljø i Vestland slik:

| Søkn.nr. | Søkjar | Prosjektnamn | Tilrådd sum |
|----------|--------------------|---------------------------------------|-------------|
| 1 | Stiftinga Agatunet | Vidareføring av sprinkling i Agatunet | Kr. 600.000 |

2. Førehandstilsegn for 2022 vert fordelt i seinare sak, evt. som del av samla tilskotsfordeling i 2022.

Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73, tilskot til brannsikring av verneverdige tette trehusmiljø. Kvart år kan eigalar og kommunar søke tilskot til brannsikringstiltak av bygningar/anlegg i 30 definerte tette trehusområde i Vestland. På bakgrunn av søknadar om brannsikring frå eigalar, søker Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om midlar til vidare fordeling i fylket. For 2021 kom det inn ein søknad om brannsikringstiltak. Vestland fylkeskommune sökte på bakgrunn av denne søknaden om kr. 600.000,- i tilskot for 2021. I brev av 01.02.2021 tildelte Riksantikvaren kr. 600 000 til Vestland fylkeskommune for 2021 og kr. 200 000 i førehandstilsegn for 2022.

Per Morten Ekerhovd
fylkessjef

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak - tilskudd og tilsagn til Vestland fylkeskommune - statsbudsjettet 2021 (og 2022) kap 1429 post 73 - tilskudd til brannsikring tette trehusområder

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 [tilskot til brannsikring av tette trehusområder](#) i Noreg (sjå: [kart](#)). Kvart år kan eigarar av bygningar/anlegg i 30 definerte tette trehusområde i Vestland søke tilskot til brannsikringstiltak i områda. Kommunar som har tette trehusområde på lista kan også søke om brannsikringstiltak. Tette trehusmiljø i Vestland med rett til å søkja tilskot til brannsikring på post 73 gjeld:

| | |
|--|---|
| Aurland kommune: | Luster kommune: |
| <ul style="list-style-type: none"> • Låvi • Otternes bygdetun • Undredal | <ul style="list-style-type: none"> • Solvorn |
| Askøy kommune: | Lærdal kommune: |
| <ul style="list-style-type: none"> • Gamle Strusshamn | <ul style="list-style-type: none"> • Lærdalsøyri (Øyragata) • Lærdalsøyri (Øyramarki) |
| Bergen kommune: | Nye Sogndal kommune |
| <ul style="list-style-type: none"> • Nordnes • Nøstet • Stranden • Marken • Sydnes • Laksevåg • Salhus • Skuteviken/Ladegården • Steinkjelleren • Bryggen • Vågsbunnen • Sandviken | <ul style="list-style-type: none"> • Fjøra |
| Kinn kommune: | Osterøy kommune: |
| <ul style="list-style-type: none"> • Ytre Strandgata, Florø • Rognaldsvåg | <ul style="list-style-type: none"> • Havråtunet |
| | Stad kommune: |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Eidsgata/Tverrgata (nord), Nordfjordeid • Eidsgata/Tverrgata (sør), Nordfjordeid |
| | Stord kommune: |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Leirvik |
| | Ullensvang kommune: |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Agatunet, • Bråtateigen, Odda • Rymbilen, Odda |
| | Vik kommune: |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Vikøyri |

Vestland fylkeskommune fekk overført forvaltninga av tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø i Vestland frå Riksantikvaren i 2020. Tilskotsordninga vart annonsert og gjort tilgjengeleg for søkjarane gjennom Vestland fylkeskommune sin [heimeside](#) og gjennom avisannonser. Vestland fylkeskommune informerte også særskild dei brann- eller sikringsansvarlege i dei aktuelle kommunane om tilskotsordninga.

Føremålet med tilskotsordninga

Brann er ein stor trussel for tette trehusmiljø. Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til den nasjonale målsetjinga om at uerstattelege nasjonale kulturverdiar ikkje skal gå tapt i brann. Brannutsette, tette trehusområde med kulturhistorisk verdi er ein type verneverdig kulturmiljø vi finn spreidd over heile landet. I Vestland er det definert 30 tette trehusområde som har rett til å søkje tilskot til brannsikring. Tiltaka som får støtte, må vere fellestiltak som styrker brannsikringa i heile området.

Generelle føresetnader og kriterium for tildeling

Tilskot kan gis til område som er definert som tette trehusområder med kulturhistorisk verdi. Det er Riksantikvaren som definerer kva område dette gjeld. Eigarar av bygningar/anlegg innanfor tette trehusområde kan ta imot tilskot. Det same kan kommunar med tette trehusområde.

Tiltaka som får støtte, må vere fellestiltak som styrker brannsikringa i heile området. Ein kan som hovudregel ikkje søkje om brannsikringstiltak som berre gjeld ein enkelt eigedom i brannsmitteområdet.

Den kan gis tilskot til tiltak innanfor følgjande hovudkategoriar:

- Oppdagje brann
- Hindre spreiing av brann
- Enkel sløkking

- Utarbeide brannsikringsplan

Tilskot til brannsikringstiltak vert tildelt etter følgjande prioriteringar:

- Den antikvariske verdien til dei definerte tette trehusområda
 - Risiko i områda:
 - o Områda sin tilgjengelighet og avstand til brannstell
 - o Områda sin risiko for brannspreiing
 - Områda sin tilstandsgrad (basert på indikatorane for måloppnåing)
 - Dei omsøkte tiltaka sin effekt
 - o Oppdage brann
 - o Hindre spreiing
 - o Enkel sløkking, særleg for bebuarar der det er langt til brannvesen
 - Prosjekt der det vert prøvd ut nye metodar som har overføringsverdi til andre område bør ha prioritet.
 - Tiltak det normalt ikkje vert gjeve tilskot til:
 - o Tiltak som eigarane er pålagt å ivareta, som kontrollar og utbetring av elektriske anlegg, piper og eldstader
 - o Utstyr for brannvesenet som er eit kommunalt ansvar
 - o Brannsikker søppelhandtering som er eit kommunalt ansvar

Innkomen søknad og tildeling frå Riksantikvaren

Søknadsfristen for ordninga var 1. desember 2020. Det kom inn ein søknad som oppfylte krava om å kunne søkje på ordninga. Søknaden gjeld vidareføring av sprinklingsarbeid i heile Agatunet.

Søknadssummen er kr. 600 000.

I brev av 01.02.2021 tildelte Riksantikvaren kr. 600.000 til Vestland fylkeskommune for 2021 og kr. 200.000 i førehåndstilsegn for 2022.

Vurdering av innkomen søknad

Agatunet har særstak kulturminneverdi, mellom anna på grunn av den bevarte Lagmannsstova som er eit av dei eldste profane mellomalderbygga i Noreg, årringdatert til perioden 1200-1230. Agatunet har også høg kulturminneverdi fordi tunstrukturen og gardsmiljøet kring dei andre byggene er godt bevart.

Brannsikringsarbeidet av Agatunet har gått føre sidan 2008, ut frå ein brannsikringsplan som vart revidert seinast i 2020. Til no er 20 hus i tunet sprinkla. Etter planen skal alle bygningane vere sprinkla i 2023.

Dei tre husa som vert søkt sprinkla i 2021 er Sveinstova (Askeladden ID: 87213-15), Lensmannstabburet (Askeladden-ID: 87213-17) og vedskykkja (Askeladden-ID: 87213-20) som ligg rett nord-aust for stabburet. Husa skal restaurerast i 2021 og det er planlagt at ein etablerer sprinkling samstundes med dette arbeidet. Samordninga av desse arbeida er ein stor føremon slik at ein best mogleg kan tilpassa løysingar til kulturminneverdiane i bygningane.

Sprinklinga av dei tre husa er ei vidareføring av eksisterande infrastruktur for sprinkling som sprinklersentral og vassbasseng, og er ei viktig vidareføring av eksisterande satsingar på brannsikringstiltak i Agatunet. Tiltaket kan setjast i gang og fullførast i 2021.

Tiltaket for vidareføring av sprinkling i Agatunet i 2021 kan fullfinansierast gjennom tildelte midlar på kr. 600.000 frå Riksantikvaren.

Førehandstilsegn for 2022

På bakgrunn av at det per dags dato ikkje ligg føre søknader frå andre tette trehusmiljø i Vestland, vert førehandstilsegn for 2022 førebels ikkje tildelt. Dette vert å kome attende til i eiga sak seinare, evt. som del av samla tilskotsfordeling i 2022.

Vedtakskompetanse

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga vert finansiert gjennom refusjon frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73. Tilskotsordningar på kulturfellet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: ikkje relevant.

Folkehelse: ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjøre vedtak i tråd med framlegg.